



Trygve Øksnes
Fosse 1
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/11326 - 23/85364

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n
o

Dato:
06.11.2023

Vi treng meir informasjon før vi kan avslutte saka - gbnr 325/125 Fosse

Tiltak: Vei i strandsone
Byggjestad: Gbnr 325/125 Fosse
Tiltakshavar: Trygve Øksnes

Saka gjeld

Etablert veg i strandsona.

Vurdering av motteken informasjon

Miljø- og tilsynsavdelinga har gått gjennom motteken informasjon frå deg og stadfester at det vart gitt løyve til etablering av gangveg med breidde på 1,6 meter i 2011 i sak 11/14496. Plan- og bygningslova seier at løyve til tiltak må settast i gang seinast 3 år etter vedtak og at arbeidet ikkje kan innstilles i meir enn 2 år. Vi har sett på flyfoto for området. Ifølgje desse kan det sjå ut til at arbeidet har gått i etappar med gradvis opparbeiding.

Vi treng meir informasjon og dokumentasjon

Før vi kan avslutte saka treng vi ytterlegare informasjon frå deg. I tilbakemeldinga treng vi at du;

1. Sannsynleggjer at det har vore pågåande arbeid med etablering av veg sidan du fekk løyve til tiltaket i 2011 og at du meiner at gitt løyve i 2011 fortsatt var gjeldande for arbeid utført i 2020.
2. Dokumenterer at tiltaket er opparbeidd i tråd med vedtak i sak 11/14496 som seier følgjande;

VEDTAK

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-1 løyve til bygging av gangveg på 1,6 meter på gnr. 25 bnr. 125 i samsvar med søknad stempla motteke 01.11.2011.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 01.11.2011.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Tilfredsstillande dokumentasjon kan være bilder som viser plassering av tiltaket, vegbreidde og stadfesting på at tiltaket er etablert som gangveg.

Anvendt regelverk

Du har plikt til å greia ut om det utførte tiltaket i følge Plan- og bygningslova § 31-7.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/11326

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trygve Øksnes

Fosse 1

5919

FREKHAUG